

TIPPETUE

ARKITEKTER AS

Til Alver kommune

Gnr/ bnr. 212/132 m.fl

Adresse: Torvhusmyrane/Ostefjordvegen

Tiltakshaver: Nordhordland Næringspark AS

Gjeld: Søknad om rammeløyve, etablering KBA3

Bergen, 21.11.2022

Søknad om rammeløyve for etablering av delfelt KBA3, g/bnr 212/132 m.fl. Eikanger Øvre

Det søkask med dette om rammeløyve for etablering av delfelt KBA3. Ifølgje administrativt vedtak med saknr 429/15 (sak 14/6930), datert 02.10.2015, vart det med heimel i plan- og bygningslova §§20-3, jf 20-1 bokstav a, gjeve dispensasjon, rammeløyve og delvis igangsettingsløyve for etablering av delfelt KBA1 og KBA2 i næringsområde – gbnr 212/132 m.fl. Eikanger Øvre (sjå vedtak for vilkår). Igangsettingsløyve for resten av tiltaket vart gjeve i administrativt vedtak 18.01.2018 (sak 027/18), og 28.03.2022 vart det gjort vedtak (sak 316/22) om endring i gitt rammeløyve til også å omfatte g/bnr 212/159 i KBA3. Mellombels bruksløyve gitt 13.09.2022 (sak (22/1610), for KBA1 og KBA2.

I reguleringsføresegnene er det sett rekkefølgekrav, §1.4.7, som påverkar kor tid ein kan begynne å byggje ut KBA3 og KBA4, «*Gang- og sykkelveg langs E39, frå tilgrensing til o_V2, sør i planområdet, og fram til og med busshaldeplass i nordgåande retning skal vere opparbeidd og teken i bruk før delområda KBA3 og KBA4 kan byggjast ut*». Rekkefølgekrav §1.4.7 er innfridd.

Søknad om rammeløyve omfattar dermed:

- Sprenging og planering av delfelt KBA3
- Opparbeiding av interne vegar innanfor delfelt KBA3
- VA-ledningsnett (sjå også søknad om etablering av KBA4)

Søknad om etablering av delfelt KBA3 er nabovarsla saman med KBA4 den 07.11.2022. Det er ikkje motteke merknadar. Allereie innvilga dispensasjonar søkask ikkje om på ny. Jord- og andre masser vil verte mellombels lagra på eiga tomt, på vestre del av KBA4 samt i buffersone mot E39 (sjå vedlagt illustrasjonsmateriale).

Vedlegg (byggsok.net):

Situasjonsplan/kart

Snitt/tverrprofil

Reguleringsplankart

VA-plan

Ansvarleg søker

Tippetue Arkitekter AS

v/Mai Cecilie Stabell